
Vår referanse 2021/19788-6
Dato 11.06.2021

Rune Nybø Hopland
Veråsvegen 30
5955 LINDÅS

Svar - Byggjegrense - Tilbygg - Fv. 5470 Veråsvegen - Gnr 108 bnr 530 - Lindås - Alver kommune

Vi viser til søknad av 04.05.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5470 for å oppføre garasje og tilbygg på gnr. 108 bnr. 530 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 12.07.2020.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5470 skal vera minst 29,5 meter på garasjen sitt nord - austre hjørne.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5470.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 30 km/t, og strekninga er klassifisert til Haldningsklasse 3 jf. Rammeplan (2021 - 2024). Årsdøgertrafikk er 1300. Eigedomen er avsett bustadføre mål jf. Kommunedelplan for Lindås, men er elles ikkje regulert.

Søknaden gjeld tilbygg til bustad og ein frittliggande garasje. Tiltaket kjem ikkje nærare vegmidte enn bustaden som er oppført på eigedomen. Etter ei samla vurdering av forholda på staden finn vi grunnlag for å gje løyve til tiltaket slik det er søkt om.

Vestland fylkeskommune si kulturavdeling har gitt eigen uttale til saka med bakgrunn i nærleiken til Den trondhjemske postveg, men hadde ingen merknader til tiltaket. Søkjar har sjølv ansvar for å avklare tiltaket mot Statens vegvesen som eigar og forvaltar dette kulturminne.

Retten til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 situasjonsplan.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

STATENS Postboks
VEGVESEN 874
BERGEN Sentrum
KONTORSTED